

Leigekontrakt konsert Nordhordlandshallen

Utleigar: Lindås kommune v/Atle Vaage
Leigetakar: Sparebanken Vest ved/Janne Havneraas

Legeforholdet gjeldt:

Leige av fleir brukshallen i Nordhordlandshallen med 2 garderober, kantine, møterom, stolar, bord og diverse utstyr for å arrangera konserten Hjartebanken, 08-09. november 2017.

Vilkår for leige:

Leigeobjekta skal ikkje nyttast til anna føremål enn det som er nemnt over. Framleige, heilt eller delvis, er ikkje tillete.

Maksimalt tal personar i hallen medrekna arrangørar, vakter og artistar, skal ikkje overstiga 800.

Leigetakar pliktar å syta for at arrangementet er rusfritt.

Leigetakar pliktar å stilla med 20 brannvakter over 18 år.

Leigetakar har ansvaret for at alle vakter under arrangementet er kjent med kva reglar som gjeldt for arrangementet, hallen sine naudutgangar og brann- og rømmingsinstruksar som gjeld for hallen. Vakter pliktar å delta på gjennomgang av branngang med representant for utleigar i forkant av arrangementet.

Leigetakar pliktar å ha eit opplegg for parkeringsvakter som sikrar at det ikkje vert parkert inntil bygningen, og at naudetatar er sikra fri tilkomst rundt heile bygningen.

Under dansearrangement, konsertar og liknande har leigetakar eit særskilt ansvar for å syta for at arrangementet ikkje er til ulempe for offentlegheita og dei som bur i nærleiken av hallen.

Leigetakar pliktar å rydda hallen og alle andre rom som vert nytta for boss under og etter arrangementet. Golv skal kostast/tørrmoppast. Leigetakar er også ansvarleg for å rydda rundt hallen etter arrangementet.


Lindås kommune stiller med brannvernleiar under arrangementet. Kommunen stiller vidare med praktisk bistand i samband med synfaring, rigging og rydding. Dette arbeidet vert fakturert på timesbasis.

Leigetakar er erstatningsansvarleg for all skade på bygningen som skuldast leigetakar sjølv, folk som jobbar for leigetakar eller folk leigetakar har gitt adgang til hallen.


Kvar av partane heldt sine interesser forsikra. Dersom leigetakar må teikna eigen forsikring for arrangementet, skal denne vera utforma slik at Lindås kommune vert

Denne kontrakt er underteikna i to eksemplar, ett til kvar av partane.

For Leigetaker, Janne Havnearas



For Lindås kommune Atle Waage



Knarvik 07.11.2017

Leigepris:	9200X2	Døgnpris hall	Tidemperis kontinne under arrangement	Bistand synfaring, rygging, rydding	Brannvernansvarleg arrangement, Atle Waage	Totalt
			10 timer à 450	3 timer à 650	Brannvernansvarleg arrangement, Atle Waage	26 050

Leigetaker kan seia opp kontrakten skriftlig innan 4 veker før første leigedato. Ved Førre Majoure, slik som brann, landesorg, naturkatastrofe med mér, bortfaller denne kontraktet utan at partane kan kreva oppfylling eller erstatning for det tap dei matte lidet.

Dersom leigetaker gjør seg skuldig i vesentlig misleghald av leigeavtalen kan Lindås kommune heva denne, og leigetaker pliktar då å forlate lokala.

Lindås kommune har ikkje ansvar for skade etter tap som måtte oppstå ved brann, vannskade med mér, utover det som vert dekkja av dei forsikringar Lindås kommune har vert nytta.

Denne dekkar kostnaden, inkludert mogleg eiginandel, for Lindås kommune si forsikring aktivitet. Ved eventuell skade på lokala skal leigetaker si forsikring nyttast så langt halden skadeflaus i samband med skader som oppstår som følge av leigetaker sin